



Ledige bustadtomter
Beitohagin, Beito
Øystre Slidre kommune

BEITOHAGIN

bustadfelt, Beito

Øystre Slidre kommune har attraktive bustadtomter for sal i Beitohagin bustadfelt i Beito. Feltet ligg om lag fire km frå Beitostølen sentrum. Feltet har til saman 13 tomter på 1000-1500m².

Beitohagin bustadfelt ligg vestvendt og lunt til, med utsyn mot Øyangen og fjella. Her bur du tett på naturen, med gode høve for fritidsaktivitetar og rekreasjon. Området byr mellom anna på flotte skiløyper, alpinbakkar, turstigar og andre aktivitetsmoglegheiter.

Bustadfeltet ligg til Lidar skulekrins. Beito barnehage ligg innan gangavstand frå Beitohagin.

Øystre Slidre kommune har ei svært flott og ettertrakta statsallmenning, med gode jakt- og fiskemoglegheiter for kommunen sine innbyggjarar.

Som turistdestinasjon kan Beitostølen tilby eit rikt utval av butikkar, restaurantar og aktivitetar, samt kultur- og idrettsarrangement som t.d. Trollrock, Beitostølen live, Beitosprinten og Det Norske Fjellmaraton.

Øystre Slidre kommune er ei kulturbygd med mange frivillige lag og organisasjonar. Kulturskulen har eit breitt tilbod innan moderne og tradisjonelle kulturuttrykk. Kommunen har fleire gode møteplassar for ulike aldersgrupper t.d. biblioteket, Frivilligsentralen og ungdomsklubben.

140 000,-
eks. omk.

GEOGRAFI / INFRASTRUKTUR

Beitostølen sentrum	4 km
Kommunesenter, Heggenes	20 km
Regionsenter, Fagernes	40 km

SKULE	
Lidar skule	7 km
Øystre Slidre ungdomsskule	20 km
Valdres vidaregåande skule	45 km

BARNEHAGE	
Beito barnehage	0 km

TRANSPORT	
Valdresekspressen (Fv 51)	4 km


HELSE	
Helsestasjon	18 km
Legekantor	18 km
Valdres lokalmedisinske senter	40 km



Foto: © Gudny Nysveen



Foto: © Øystein Skattebu



Frå Beitohagin har du utsyn mot Øyangen og Slettefjell.
foto: © Ivar Thune Hagerup




FINN FRAM TIL Beitohagin

FRÅ FAGERNES

Ta av på FV51 mot Beitostølen ved brua i Fagernes sentrum. Følg vegen i 33,4 km. Sving venstre inn på Beitovegen. Følg vegen i 5,1 km. Ta til høyre inn Hansanevegen, og du er i Beitohagin bustadfelt.

FRÅ BEITOSTØLEN


Ta inn på Beitostølsvegen mot Beito ved Gjestegården i sentrum. Køyr 2,5 km til Beito. Sving til venstre inn på Beitovegen. Hold denne i 1,5 km før du tek til venstre inn på Hansavegen.




TOMTEKART


BEITOHAGIN
status pr. 18.06.2022

Tomter



0 15 30 45
Meters





-rein naturglede
Øystre Slidre kommune

KONTAKT OSS

Øystre Slidre kommune
Bygdinvegen 1989
2940 Heggenes

tlf: 613 52 500
post@oystre-slidre.kommune.no

www.oystre-slidre.kommune.no